

Nokre ord frå scenekanten. Helsing Ola E. Bø

1. Scenespråket har tradisjonelt spelt ei rolle som føredøme for godt språk og gjerne blitt stilt opp som ei motsetjing til gatespråket. Så seint som på 60-talet kunne Andre Bjerke fornøgd slå fast at hadde det forvilla seg radikale former frå 38 rettskrivinga inn i teateromsetjingar på Nationaltheatret, så vart dei straks utrydda av påpasselege skodespelarar. No er det heldigvis slutt på at folk går på teater for å høyra korrekt språk, likevel er det slik at DNT er eit av nynorskens viktige utstillingvindaug og ein av dei få plassane ein kan høyra nynorsk i heile spekteret frå dialektfarga snakk til talt skriftspråk i jambetrav. No treng det ikkje vera noko tvangsekteskap mellom ei rettskriving og ein såpass laus praksis som eit scenespråk, men det kan ha sine fordelar at det er eit visst hopehav.
2. At den kløyvde infinitiven har stått så sterkt, både i omsett og i nyskriven dramatik har fleire årsaker. Sjølv sagt er det arven frå Garborg og Midlandsnormalen, men like viktig er solidariseringa med austnorske dialektar og Oslo bymål, gjennom sentrale figurar som Oskar Bråten og Olav Dalgard. Fleire av dei store klassikaromsetjarane på DNT frå Rytter via Kiran, til Hoem har nytta denne infinitiven, utan å ha han ikkjøta. Den samlar på ein fin måte heile landet, den er vakker, variert og rimproduktiv. For det nynorske scenespråket i hovudstaden vil det å kutta den kløyvde infinitiven vera eit tap. Og den er langt meir levande i munnleg tale enn mange trur.
3. Eg er prinsipielt mot ei normering som blir grunngeven negativt, altså at vi unngår former som fell saman med bokmål, berre av den grunn. Eg er mot at vi trekker oss attende til kjerneområda. Argumentasjonen mot skole gjeld svært mange andre former, t.d. heile forslaget om å stryke monoftong framfor m, r og st. Som teatermenneske ser eg det slik at dei viktigaste nynorske forfattarskapa, som faktisk er meir samde om korleis nynorsken skal sjå ut enn forfattarar nokon gong tidlegare har vore, er eit sterkt normeringsdirektiv i seg sjølv, og publikum må kunna kjenna dei att når vi snakkar nynorsken deira frå scenen. Dvs. at både Fosse, Hoem, Tiller, Tryti, Tusvik, Nilsen, Fløgstad, Grytten, Vaage, Løvåsen og Hovland, bør ha likt pålydande aksjar i nynorsken. Dvs at det må gå an både å drøyma og å drømme, høyra og høre, køyra og kjøre og så gløyma eller glømma det.
4. Det går an å bli for konsekvent. Samanhengen mellom berr og berre er der, men eg har lita tru på at nokon kjem til å høyra berr bakke eller rompa berr frå ein norsk scene, og det tar seg heller ikkje ut i skrift.
5. Av reint rytmiske grunnar trur eg heller ikkje det er lurt å ta vekk suffikset ut/et i *taggut*, slik at det berre står trestavingsord att; *taggete*. Og her finst det ein eventyrleg tradisjon, ”*du er krokut i ord du, sa prinsessa*” og eit svært utbreidd talemålsgrunnlag viss vi òg tar med *krokat* og *krokåt*.
6. Og for all del ikkje dykk- dykk, unnskyld Egder. Det er ille nok som det alt er. Da mykje heller *dokker/dokke*.